

27/11

Gull  
Troms v. 27/11 092

✓

Jnr. 2053/71/225

ID/db

HOFFMARSKALK  
ANK. 2053/71  
TID. 278/1971

Söknað om H.M. Kongens fortjenestmedalje i gull til  
disponent Ludvig Brudvik, Ytre Arna.

J. 3/11  
off. 1/12

Sendes H.M. Kongens Hoffmarskalk.

Jeg tillater meg å anbefale at söknaðen  
blir imøtekommet.

Bergen og Hordaland fylker, den 12. okt. 1971.

Lars Leiro  
Lars Leiro

Fylkesmannen i Bergen  
og Hordaland

J. nr. 2053/71

Arkiv 225

Til Kongen.

Disponent Ludvig Brudvik ved Norsk Husflid Engross sluttar nå i stillinga etter 50 års teneste.

Ludvig Brudvik er fødd i Arna 1904 og etter handelsutdanning vart han tilsett ved Haus Selvhjelpskontor (som var namnet på firmaet tidlegare). Frå 1926 - 1933 arbeidde han som reisande salsmann og konsulent og knytte m.a. kontakt med produsentar rundt i landet, og frå 1933 har han vore sjef for heile verksemda.

Det er nær kontakt og samanheng mellom tre institusjonar for heimeyrke - husflid, handverk og industri - som vart skipa her vest i åra 1910-1920: Haus Arbeidsskule, Statens Husindustri-skule og Haus Selvhjelpskontor. Dei to første sto for direkte opplæring og Haus Selvhjelpskontor tok seg av rettleiingstenesta, hjelpte til i starten, praktisk og økonomisk og var salsentralen.

Tanken om "hjelp til sjølvhjelp" vart her realisert, og utruleg mykje kom istand til stor bate for bygdesamfunnet i landet i dei vanskelege mellomkrigsåra.

Ein forretning med slik ideel målsetting hadde sjølvstendig vanskeleg økonomi, det kosta slit og omtanke å finna farande vegar.

Det er Ludvig Brudvik til stor æra at arbeidet lukkast så godt. Under hans leiing har produksjon og omsetnad auka frå omlag 150.000 kroner i 1932 til ein årleg omsetnad på over 2 million kroner i dag. Samstundes er kvalitetskravet auka t.d. på norsk souvenir og bruksting og den billege smakløysa er bremsa.

Som attåtning vart husflidsarbeidet berging for mange i gardsamfunnet. Mange stader voks det fram sjølvstendig industri med gode arbeidsplassar, bygt på den sikre omsetnad og den hjelp og rettleiing som Norsk Husflid Engross representerte.

Haus Arbeidsskule, der Brudvik var styreformann 1940 - 1951, gav vaksenopplæring og yrkesopplæring for jenter og gutar 30-40 år før Framhaldsskoleloven kom. Ein hadde såleis ikkje noko mønster for dette pionerarbeidet. Brudvik var også konstituert styrar ved Statens Husindustri-skule i 1933.

Ein stor og heilhjarta innsats for å byggja ut husfliden og styrka sjølvhjelpstanken har Ludvig Brudvik gjort og det står i dag mange prov på det store samfunnsverd dette arbeidet har hatt.

Med viljekraft og klarsyn har Brudvik også på fleire andre omkverve gjort eit godt og samfunns-tenleg arbeid.

Skulesektoren har lagt han sterkt på hjarta og han har mange, mange år bak seg som medlem av Haus skulestyre og var krinsformann i Ytre Arna då spørsmålet om ny skule vart røyndom.

I Haus heradstyre og formannskap var han aktivt med i fleire bolkar og mellom mykje anna kan nemnast hans innsats i Bygningsrådet i Brann-kommunen, i forsyningsnemnda og arbeidet for automattelefon i distriktet.

Arbeidet mellom born og unge har også lagt Brudvik på hjarta. Han var drivande kraft i arbeidet for nytt idrettsanlegg og ein stor innsats har han gjort for amatørmusikken. Frå 1919 er han aktivt med i Arne Musikforening. 1933 - 1940 var han formann og både i 1936 og 1946 sto han i spissen for fylkesstemna. I 1938 var han formann i Hordaland Musikklag. I 1944 skipa han Arna Gutmusikklag som var det første i Hordaland og han sto som formann for laget til 1960.

Her er det også pionerarbeid Brudvik har utført. Hans grunnleggande arbeid på desse omkverve syner hans vilje og evne til nytenking og skynsemd for det vesentlege i frivillig kulturarbeid.

Oppgåvene i krigstida 1940 1945 sette ekstra store krav til Ludvig Brudvik. Han vart leidar for heimestyrkane og både organisert og uorganisert vart det gjort storverk.

Frå Sivilforsvaret vart oppretta har Brudvik vore sivilforsvarssjef i kommunen.

Det meste som Ludvig Brudvik har arbeidet med og ofra seg for gjennom heile sitt vaksne liv har hatt siktemål mot framtida og hatt verdi langt utover lokalsamfunnet. Verksemda som han leia femmer over heile landet og det fins ikkje eit fylke som ikkje Brudvik har hatt kontakt med for å skape nye tiltak i husflidsektoren. Difor kan hans innsats vurderast på landsbasis.

Til bate for ungdom i bygd og by - i arbeids-  
liv og fritid - har han konsolidert og bygd  
vidare på det beste i gamal tradisjon og sam-  
stundes hatt ope auga for dagens og morgon-  
dagens krav.

Med tilføre av det som her er peika på torer  
ein søkja den høgvyrde Kongen om å gi Ludvig  
Brudvik

Hans Majestet Kongens fortenstmedalje i gull.

Ytre Arna, den 30. september 1971.

Med høgvyrdnad

NORSK HUSFLID ENGROS

Tidl. Haus Selvhjelpskontor

*Hårinborg,  
styreformann.*

*Norges husflidslag har gjennom alle  
år med glede og anerkjennelse fulgt  
indvrig Brudviks store innsats for  
husflidssaka, og gir søknaden om  
S. H. Kongens forjæstmedalje i gull sin  
fulle tilslutning.*

Norges Husflidslag,  
*Borghild Bondvold, Laga  
formann*

Ordføreren i Arna vil uttala at Ludvik Brudvik p.g.a. si store  
interesse for samfunnsspørsmål og sin aktive innsats, m.a. også  
i det kommunale styringsverket, fullt ut fortener den utmerking  
det vert søkt om og vil tilrå søknaden på det beste.

ARNA KOMMUNE

*Arne Ekeland*  
Arne Ekeland  
ordfører

Når no Norsk Husflid Engros vil gjera æra på disponenten

sin ved å søkja omfortenestmedalja i gull til honom, vil eg segja meg  
glad for det og på det beste tilrå søknaden.

Indre Arna 8.10.1971,

*Einar Tesdal.*  
sokneprest.



Hordaland Polittikkammer


Bergen, den 3 okt 19 71

ATTEST

Ein kan ikkje sjå at disponent Ludvig Brudvik

Ytre Arna  
Adr.: ..... Født: 1904

tillatt eller straffedømt/  
er botlagt ved Hordaland Polittikkammer.



HORDALAND POLITTIKKAMMER, 8/10.1971  
for politimester

*N. J. M. M. M.*



# Norges Musikkorps Forbund

L. LEPPSGT. 2 - TLF. 15 592 - TLGR.ADR. «MUSIKA» - POSTG. 69218 - BANKG. 3625.872351.6 - MUSIKKBLADET LJOM  
Tilsluttet: Det Folkelige Musikkiv, Nordisk Amatørmusikkunton og Confederation Internationale des Sociétés  
Populaires de Musique (CISPM), avd. under U. N. E. S. C. O.

5001 BERGEN, den

Postboks 628

Deres ref.

Vår ref.

Vedr. Søknad om H.M. Kongens Fortjenstmedalje  
til herr Ludvig Brudvik, Ytre Arna.

Norges Musikkorps Forbund er kjent med den store og omfattende innsats Ludvig Brudvik har gjort for skole- og amatørmusikksaken i Hordaland fylke gjennom en lang årrekke, - ikke minst hans innsats som pioner for skolemusikksaken i fylket.

I tillegg til hans innsats på det fylkesmessige plan har han og vært engasjert i den landsomfattende virksomhet for skole-og amatørmusikksaken. Her kan nevnes at han var medlem av utvalg, bestående av representanter fra Bergen Krets av N.M.F. og Hordaland Musikklag, som gjorde forarbeidet til omorganisering og utvidelse av landsforbundet i 1946. Utvalgets arbeid bevirket at et nytt landsforbund for amatørmusikkorps, som var under oppseiling, ble satt ut av betraktning og at det ble gitt adgang til medlemskap, i det allerede bestående landsforbund, for alle amatørmusikkorps i landet.

Når det nå søkes om H.M. Kongens Fortjenstmedalje til herr Ludvig Brudvik, vil vi gi søknaden vår beste anbefaling.

Bergen, den 15. september 1971.

f/ NORGES MUSIKKORPS FORBUND.

*Petro Erichsen*  
Petro Erichsen.

Forretn.fører.

3 november 1971.  
HE jnr. 378/1971.

Herr Fylkesmannen i Bergen og Hordaland fylker.  
Bergen.

1/11.1971

Disponent Ludvig Brudvik,  
Ytre Arna,

gull.

(jfr. Deres påtegning av 12. oktober 1971, jnr. 2053).

  
O. Grønvold  
Høfsjef

Tidspunktet bes oppgitt